



ICARE2

50 BARN FÅR HJELP TIL UTDANNING

Auke i tal faste gjevarar og årviss solidaritetsgåve frå Forskarforbundet ved Norsk institutt for naturforskning (NINA) gjer det mogleg å hjelpe fleire. Icare2 har i år teke opp 10 nye barn i programmet. Ni av desse er frå fattige familiar i Negros Oriental. Totalt er det nå 50 barn som får hjelp til utdanning frå Icare2. Ditt bidrag er med å gjere dette mogleg.



Alle barn har rett
til utdanning

Utdanning
realiserer håp og
draumar

Utdanning er ein
veg ut av
fattigdom

ICARE2 satsar på
utdanning

ICARE2

Heiavegen 28
5454 Sæbøvik

<https://www.facebook.com/pages/Icare2-Initiative-for-childrens-right-to-education>

Bankkonto:
1254.05.46698

INFOBREV - ICARE2



John David Tapalo og morhans Evylin



Cassandra Kaye Bohol

ICare2 bidreg til at fattige barn får tilgang til grunnutdanning og høgare utdanning. Les historia til nokre av barna som er med i programmet.

John David Tapalo er 12 år, men går i fjerdeklasse og ikkje sjette slik dei fleste andre på hans alder. Mor hans, Evylin, er enke utan fast inntekt og har ikkje råd til å senda han på skulen. Han er skuleflink, men fordi han vart utsett for ei ulykke som spedbarn og derfor har eit handikap som gjer at han kollapsar frå tid til annan - og fordi dei er fattige, kunne han ikkje starte på skulen i rett tid. Nå går han på skulen med hjelp frå Icare2.

Cassandra Bohol, er sju år og går i andre klasse. Mora hennar tener pengar på å vaske klede medan faren kjører passasjerar på trehjuls sykkel. Dei leiger eit lite hus og mora fortel at når dei ikkje klarar å betale husleiga i rett tid vert dei hengt ut til spott og spe framføre heile nabolaget. Dei er svært takksame for hjelpa dei får til utdanning for Cassandra. Utan denne hjelpa ville Cassandra ikkje kunna gå på skulen!

Gå til Icare2 si facebookside og sjå videointervju med mødrene til John David og Cassandra. Fortsatt god sommar!

